



Lindås VVS Nils Træland AS  
Postboks 42  
5951 LINDÅS

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 18/2704 - 18/32026

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
25.10.2018

## Utsleppsløyve - gbnr 124/24, 124/25 og 124/26 Kjeilegavlen

Administrativt vedtak: **Saknr: 572/18**

Byggestad: Gbnr 124/24, 124/25, 124/26  
Tiltakshavar: Sijoni Invest AS  
Ansvarleg søkjar: Lindås VVS N.T AS  
Type utslepp: Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50pe  
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-3

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for 3 fritidsbustadar på gbnr 124/24, 124/25 og 124/26. Utsleppet frå eigedomane skal reinsast i felles slamavskiljar før det vert ført vidare i tett leidning til eksisterande privat avløpsleidning som går til sjø. Utsleppsleidningen i sjø skal skiftast ut og forlengast som følgje av nye utsleppskrav.

Det vart i vedtak datert 04.03.2015 i arkivsak 14/7707 gitt utsleppsløyve for eigedomane. Det vart ikkje søkt om løyve til å etablera anlegget. Då det er meir enn 3 år sidan utsleppsløyvet vart gitt må det no søkjast om nytt utsleppsløyve. Søknaden er identisk med tidlegare godkjend søknad med unntak av at det no skal etablerast felles slamavskiljar for fritidsbustadane i staden for ein slamavskiljar for kvar fritidsbustad.

Det er i dag 1 bustad og 2 hytter som er knytt til fellesleidningen, opplyst til 3 x 5 pe i sak 14/7707. Utsleppet vert no auka med 3 x 5 pe slik at samla storleik på utsleppet vert 30 pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 06.09.2018.

#### Planstatus

Tiltaket skal etablerast i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Lindåsneset med Mongstad, planID 1263-200905, er definert som LNF-føremål med spreidd fritidsbustadbygging merka område S1. Delar av eksisterande avløpsleidning ligg i område som er avsett til LNF-føremål.



Tiltaket er vurdert å vera i samsvar med plangrunnlaget.

### **Nabovarsel**

Tiltaket er ikkje nabovarsla.

Det omsøkte utsleppsløyvet er i samsvar med tidlegare godkjend utsleppsløyve. Eigarforholda på naboeigedomane har ikkje endra seg sidan førre søknad om utsleppsløyve vart handsama for andre eigedomar enn gbnr 124/1 som no vert eigm av gbnr 124/2. Det låg ikkje føre nabomerknader ved handsaming av søknaden om utsleppsløyve gitt i vedtak datert 04.03.2015.

Kommunen vurderer at nytt nabovarsel ikkje er nødvendig når vedtaket vert send med klagerett til naboeigedomane.

### **Uttale frå anna styresmakt**

Bergen og Omland Havnevesen har i skriv datert 28.09.2018 gitt uttale i saka. Hamnevesenet skriv at dei ikkje kan sjå at tiltaket vil vera problematisk etter hamne- og farvasslova og at dei er positivt innstilt til søknaden.

### **Passering**

Plassering og utsleppsstad er vist i kart i målestokk 1:1000 mottatt 06.09.2018.

### **Reinseløysing**

Utsleppet frå eigedomen skal reinsast i slamavskiljar før det reinsa utsleppet vert ført vidare i tett leidning til sjø. Reinseløysinga stettar krava til utslepp i mindre følsamt område.

### **Drift og vedlikehald**

Eigedomane skal inngå i kommunal slamtømmeordning.

Forskrifta gjeld for heile kommunen med unntak av

- Veglause grender og øyar og eigedomar som elles ikkje er tilknytt offentleg vegnett
- Eigedomar der tömmetanken ligg lengre enn 100 meter frå køyrbar bilveg
- Eigedomar der tömmetanken ligg lågare enn 8 meter frå køyrbar bilveg.

Slamavskiljarar knytt til heilårsbustadar eller fritidsbustadar skal tömmast heilt for slam etter behov, og ikkje sjeldnare enn kvart 2. år for heilårsbustadar og kvart 4. år for fritidsbustadar, jf forureiningsforskrifta § 12-13.

### **Privatrettslege tilhøve**

Tiltaket skal plasserast delvis på eigedomen gbnr 124/1. Det ligg føre tinglyst avtale med rett til plassering av leidningar på gbnr 124/1, datert 17.09.2014.

Det ligg føre avtale med eigar av gbnr 124/12 om at eigedomane gbnr 124/24, 124/25 og 124/6 kan knyta seg til eksisterande kloakkledning som går til sjø, datert 05.10.2014, sjå sak 14/7707.

### **Tilkopling til eksisterande anlegg/leidning**

Det er gitt utsleppsløyve for eksisterande utsleppsleidning i vedtak datert 15.02.1984.

## **VURDERING**

Søknaden gjeld auka utslepp til eksisterande utsleppsleidning som går til sjø i Keilegavlvika. Utsleppet sin storlek er oppgitt til 30 pe samla sett, og er å vurdera som eit mindre anlegg. Reinseløysinga er i samsvar med dei krav som er sett for utslepp i området og stettar krava til utslepp i mindre følsamt område. Det er ikkje kommunalt avløpsanlegg i området.

Keilegavlviha er del av området som er foreslått verna gjennom marin verneplan for Lurefjorden og Lindåsosane. Planen er ikkje godkjend og det er ikkje per dato sett særskilde krav til utslepp i området. Søknaden om auka utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast slik han ligg føre med utslepp via slamavskiljar til sjø.

Kommunen legg til grunn at eksisterande utsleppsleidning er i forskriftsmessig stand og at anlegget kan inngå i den kommunale slamtømmeordninga på ordinære vilkår.

#### **Privatrettslege forhold**

Nödvendige privatrettslege forhold synest avklart gjennom dei erklæringar som ligg i saka. Alle avtalar om rett til plassering av anlegg og leidningar på privat eigedom og bruk av privat avløpsleidning bør tinglysast på eigedomane.

#### **Godkjenning etter andre lovverk**

Etablering av avløpsanlegget krev løyve etter plan- og bygningslova og hamnelova.

Det er søkt om løyve til etablering av avløpsanlegg etter plan- og bygningslova. Denne søknaden vert handsama når vedtak etter hamnelova ligg føre. Kopi av dette vedtaket vert send til Bergen og Omland Havnevesen.

#### **VEDTAK**

**Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5, vert det gjeve utsleppsløyve for eigedomane gbnr 124/24, 124/25 og 124/26 på følgjande vilkår:**

1. Utsleppet frå eigedomen skal reinsast i slamavskiljar av godkjend type før utsleppet vert ført i tett nedgraven leidning til eksisterande utsleppsleidning som går til sjø.
2. Eksisterande avløpsleidning i sjø skal skiftast ut og forlengast, slik det går fram av situasjonsplan i målestokk 1:1000 mottatt 06.09.2018, og først til 15 meter djupne.
3. Utsleppet vert godkjend med ein auke på 3 x 5 pe, slik at storlek for utsleppet totalt vert 30 pe.
4. Slamavskiljaren skal plasserast slik at han kan tömmast innanfor vilkåra i den kommunale slamtømmeordninga.
5. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstilla krav i Forskrift om begrensing av forurensing, §§ 12-7 til 12-13.
6. Det skal betalast slamgebyr i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.
7. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avløpsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.
8. Anlegget kan ikkje etablerast før det ligg føre løyve etter plan- og bygningslova.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. [forurensningsloven § 85](#) andre ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak fatta av kommunestyret er fylkesmannen klageinstans.

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæst. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### Ansvaret

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnehene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

### Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablera utsleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

### Tilsyn, endring og opphør av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd. Forureiningsstyremakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avløpsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekka kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyremakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Anlaug Kvalvågnes	Storbruhaugen 16	5955	LINDÅS
Asle Magnus Sørbotten	Keilevegen 146	5953	FONNES
Bergen og Omland Havnevesen	Postboks 6040	5892	BERGEN
Hans Freddy Fredriksen	Keilevegen 123	5953	FONNES
Jan Magne Keilegavlen	Keilegavlsvegen 227	5953	FONNES
Mons Syslak Kvalvågnes	Keilegavlsvegen 202 A	5953	FONNES
Sijoni Invest AS	Fabrikkgaten 5	5059	BERGEN
Åsmund Dyrøy	Spjotøyvegen 72	5955	LINDÅS

**Mottakarar:**

Lindås VVS Nils Træland AS                      Postboks 42                      5951                      LINDÅS